



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
47/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	02.05.2016
40/2016	Kommunestyret	PS	23.05.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Klyve	FA - S10	16/208

VAKSDALPAKKE 2, UTTALE TIL NVE OM SØKNAD OM KONESJON FOR 4 KRAFTVERK I VAKSDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

NVE har sendt på høyring søknad om bygging av 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Søknadene skal handsamast saman, og samla belastning for området skal vurderast. Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.

1. Vaksdal kommune rår frå utbygging av Fjellfossen kraftverk og Leirofossen kraftverk og grunna stor samla belastning og høgt konfliktnivå når det gjeld friluftliv. Prosjekta kjem i konflikt med sårbart høg fjell av stor verdi og leveområde for villrein av stor verdi, og vil redusera det største inngrepsfrie området i Vaksdal kommune monaleg. Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.
2. Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Nonstadgilet kraftverk dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.
Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav: Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Krav om avbøtande tiltak for dei to prosjekta:

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av rørgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 47/2016

FPØ - Behandling:

Uttalar frå Vernelag frå Hesjedalsvassdraget og Fjellfossen Grunneigarlag vart lagt fram i møtet.

Eiringsleiar Samfunnsutvikling orienterte om alle sakene før behandlinga av sak 44/2016

Eirik Haga ba om gruppemøte (før behandlinga av sak 44/2016).

Etter gruppemøtet gjorde han greie for gruppa sitt syn.

Tilleggsframlegg frå Anneli Vatle Lilletvedt på vegner av H, KRF, SV:

Det vert sett ned ei mellombels nemnd med formål å utvikla ein heilskapleg plan for eksisterande og planlagde småkraftverkutbyggingar i Vaksdal kommune.

Framlegg frå Kjartan Haugsnes:

1. *Som administrasjonen*
2. *Vaksdal kommune rår frå utbygging av Nonstadgilet kraftverk*
Vaksdal kommune rår frå utbygging av Steinsedalselvi

Tilleggsframlegget frå Anneli Vatle Lilletvedt vart samrøystes vedteke.

Dei einskilde sakene vart røysta over i eigne saker, og er justert her i samsvar med dette.

FPØ - Tilråding:

NVE har sendt på høyring søknad om bygging av 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune. Søknadene skal handsamast saman, og samla belastning for området skal vurderast.

Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.

1. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Fjellfossen kraftverk. Sjølv kraftverket må isolerast optimalt.
2. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk. Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølv kraftverket må isolerast optimalt.
3. Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Nonstadgilet kraftverk dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav: Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Krav om avbøtande tiltak for dei to prosjekta:

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Det vert sett ned ei mellombels nemnd med formål å utvikla ein heilskapleg plan for eksisterande og planlagde småkraftverkutbyggingar i Vaksdal kommune.

KOM - Behandling:

Line Eide Vik ba om at hennar habilitet vart vurdert.

I medhald av § 6 b) i forvaltningslova vedtok kommunestyret samrøystes at ho er ugild i saka.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes i formannskapet vart oppretthalde.

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot framleget frå Kjartan Haugsnes.

4 røysta for framlegget frå Kjartan Haugsnes (SV + MDG) som dermed fall.

KOM - Vedtak:

NVE har send på høyring søknad om bygging av 4 småkraftverk i Eksingedalen i Vaksdal kommune.

Søknadene skal handsamast saman, og samla belastning for området skal vurderast.

Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.

1. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Fjellfossen kraftverk . Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.
2. Vaksdal kommune rår til at det vert gjeve konsesjon til Leirofossen kraftverk.
Kravet til minstevassføring må setjast høgt nok til at opplevinga av Leirofossen i størst mogleg grad vert tatt vare på. Sjølve kraftverket må lydisolerast optimalt.
3. Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Nonstadgilet kraftverk dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt.

Vaksdal kommune kan tilrå utbygging av Steinsedalselvi med fylgjande krav: Kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Krav om avbøtande tiltak for dei to prosjekta:

Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenging i traséane, overdekking av rørygate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempande og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.

Det vert sett ned ei mellombels nemnd med formål å utvikla ein heilskapleg plan for eksisterande og planlagde småkraftverkutbyggingar i Vaksdal kommune. Nemnda blir vald i kommunestyret 27.06.2016.


Saksopplysningar:

NVE har med frist 13.05.16 sendt på høyring søknad om konsesjon for bygging av 4 småkraftverk i

Eidsland/Eksingedalen i Vaksdal kommune. Søknadene skal handsamast samstundes, og samla

belastning for området skal vurderast. NVE bed høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle saka samla.

Namn	Utbygger	Effekt MV	Produksjon GWH/år	Store nye naturinngrep	Konflikt-område	Konklusjon Vaksdal kommune
Fjellfossen kraftverk	Norsk Grønnkraft	5,4 MV 51,9 mill 3,15kr/kWh	16,5 GWH/år	Inntaksdam, tunnel, nedgrave rør, kraftstasjon, 2300 m ny veg	Tap INON, 4,1 km ² villrein, landskap,	. Nei til utbygging.
Steinsedalselvi kraftverk	Blåfall A/S	4,4 44,5 3,95kr/kWh	11,6 GWH/år	Inntaksdammar tunnel nedgr. rør kraftstasjon massedeponi, kraftstasjon 750 m veg, + 100 m veg til inntak	Tap INON, ca 10 km ² villrein, landskap,	. Ja til Utbygging med fråfall av inntak 3
Leirofossen kraftverk	Blåfall A/S	2,1 MV 21 mill 3,79kr/kWh	5,7 GWH/år	Inntaksdam nedgravd rør, 750 m veg til kraftstasjon	landskap,	. Nei til utbygging.
Nonstadgilet kraftverk	Blåfall A/S	3,7 40,7 mill 4,2 kr kWh	9,7 GWH/år	Inntaksdam, nedgravd rør anleggsveg til inntaket, kraftstasjon	Tap INON ca 4,72 km ² Villrein Landskap	Ja til utbygging.




Bildetekst: kart over dei omsøkte kraftverka med grøn firkant. Også oversikt andre bygde anlegg i området.

I Vaksdal kommune er alle dei store vassdraga kraftregulert.

Ser ein på vedlagt oversiktskart for regionen Eksingedalen, Modalen, er det her svært mange kraftutbyggingar og nye planar. I dette området er det kun Hesjedalsvassdraget av større vassdrag som er verna mot kraftutbygging.

Slike kraftutbyggingar gjev store lokale naturinngrep, med vegar, bygg, røygater og kraftledningar. Det positive med dei er at det kan gje lokal næringsutvikling og sysselsetjing og eigedomskatt til kommunen. Vanlegvis medfører ikkje småkraftutbyggingar store overføringar av vatn til andre vassdrag.

Kartet nedanfor viser oversikt over større inngrepsfrie naturområde (INON) for dette området, og viser at dette er det siste av slike større urørte område som er att i Vaksdal kommune. Tap av inon for Nonstadgilet kraftverk og Steinsedalselva kraftverk er ikkje teikna inn på dette kartet, men vil også få betydning for auka tap av urørt område. Vaksdal kommune må etterprøva kunnskapsgrunnlaget for å kunna sjå effekten av tiltaket i framtida. Samla belastning for nærområdet og regionen er difor viktig å få fram. Detaljar for kvart av kraftverka er utgreidd i eigne saker for seg.



Vurdering

2 av dei 4 omsøkte kraftverka i Eidsland/Eksingedalen peikar seg negativt ut i natur og friluftssamanheng og tap av INON-område. Utbygging av Fjellfossen kraftverk og Leirofossen kraftverk vert frårådd grunna stor samla belastning og høgt konfliktnivå når det gjeld friluftliv. Prosjekta kjem i konflikt med sårbart høgfjell av stor verdi og leveområde for villrein av stor verdi, og vil redusera det største inngrepsfrie området i Vaksdal kommune monaleg. Dei omsøkte områda på Eidsland går inn mot det verna Hesjedalsvassdraget.

Utbygging av Nonstadgilet kraftverk kan kommunen tilrå dersom gode avbøtande tiltak vert pålagt. Utbygging av Steinsedalselvi kan godkjennast med fylgjande krav: kraftverket må byggjast utan inntak 3.

Krav om avbøtande tiltak for dei to prosjekta: Ein må ha landskapstilpassing av inntak og inntaksdammar som gjev minst mogleg utsprenning i traséane, overdekking av røyrgate og rask revegetering med stadleg masse.

Det må ikkje lagast permanent ATV-veg til inntaket.

Av omsyn til villrein må støydempende og andre naudsynte tiltak vektleggjast i anleggsperioden i samråd med villreinnemnda.

Det må gjerast reinsetiltak slik at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje renn ned i Eksingedalsvassdraget, som er ei viktig fiskeelv.



Bildetekst : Innteikna med raud strek vegen som går opp frå Myster på Eidsland og er tenkt som tilkomst til tre av dei omsøkte kraftverka. Dette gjev ei stor sår i landskapet. Området grensar inn mot Hesjedalsvassdraget som ligg i området til høgre i bildet og er ein stor botn med fossefall i fleire etasjar, laga av isen for ca 10 000 år sidan. Dette er eit ganske urørt landskapsrom slik det er i dag. Bak den raude streken ligg Leiro med Leirovatnet og ei stor flate med to gardar.